

AVTALE OM GRUNNERVERV

Mellom Meland kommune (Kjøpar) og Jørgen Olsvoll som eigar av gnr 30 bnr 2 og 4 i Meland kommune, adresse Håtuftvegen 280, (Seljar) er slik avtale inngått:

1. Bakgrunn

- a) Del av gnr 30 bnr 2 og 4 blir rørt av Meland kommune sin bygging av nytt vassbehandlingsanlegg/utviding av Håtuftvegen.
- b) Meland kommune ønskjer å erverve nødvendig areal og rettar frå gnr 30 bnr 2 og 4 for å kunne etablere Meland vassbehandlingsanlegg med tilhøyrande vass- og avlaupsleidning samt utviding av Håtuftvegen.
Meland kommune erverver ved denne avtale rettar og delar av gnr 30 bnr 2 og 4 på vilkår som følgjer av denne avtalen.

2. Ervervet

Meland kommune erverver til full eigedom eit areal frå gnr 30 bnr 2 og 4 som skal nyttast til

- a. Vassbehandlingsanlegg
- b. Legging av leidningsnett
- c. Vegutviding

sjå kartvedlegg 1.

Arealet som ervervast til eige utgjer ca 7 600 m².

3. Erstatning

- a) Erstatning for areala som skal ervervast utgjer:

GBNR 30/2			
Type areal	Areal	Erstatning per m ²	Sum
Innmark	5 750 m ²	kr 25	kr 143 750
Utmark	400 m ²	kr 10	kr 4 000
Sum	6 150 m²		kr 147 750

GBNR 30/4			
Type areal	Areal	Erstatning per m2	Sum
Innmark	1 450 m2	kr 25	kr 36 250
Utmark			
Sum	1 450 m2		kr 36 250

Tilsaman: **184 000 kr**

Erstatninga skal utbetalast til bankontonummer.....innan 30 dager etter inngåing av denne avtale. Eventuell avsavnsrente vert satt til 3 %.

Erstatninga er foreløpig då endeleg oppmåling ikkje er foretatt, og skal justerast etter endeleg oppmåling.

I erstatningsberekninga pr. m2 er det inntatt erstatning for mellombels bruk og ulemper mm.

b) Som særlege vilkår er avtalt:

a. Areal som nyttast mellombels skal så langt mogleg tilbakeførast i same tilstand som før inngrepet.

b.

4. Generelle kontraktsvilkår

Følgjande generelle kontraktsvilkår gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

a) Avståing

Utgangspunktet for erverv til veg er 3 m frå vegkant. Der det er fyllingsfot eller skjæringstopp kan arealet bli meir eller mindre i visse tilfelle. Utgangspunktet for erverv er her ca. 1 meter frå fyllingsfot og skjæringstopp. Viss ikkje anna er avtalt skal grunn avståast med alle påståande innretninger, vegetasjon m.v.

b) Kva erstatningen skal dekke

Erstatninga skal dekke avståing av grunn og rettar, samt alle dei skader og ulemper som har samanheng med avståinga eller med det vassbehandlingsanlegg og vegtiltak det skal ervervast til fordel for.

Det vert tatt atterhald om behov for samtykke frå eventuelle panthavere for utbetaling direkte til eigar.

Erstatning for skader og ulemper som følge av anleggsdriften, er heldt utanfor og vil bli behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

c) Leidningar

Kjøpar utfører og kostar nødvendig omlegging av lovleg lagte leidningar.

d) Avkøyrslar og atkomstforhold

Eventuelle endringer i avkøyrslar eller atkomstforhold går fram av planteikningane eller er angitt under punkt 3. Det er ikkje kjøpar sitt ansvar å vedlikehalde avkøyrslar eller atkomstvegar i framtida.

e) Tiltreding av eigedomen

Kjøpar kan ta grunnen i bruk (tiltre eigedomen) når denne kontrakten er underskriven av begge partar.

f) Registrering i det offentlege eigedomsregisteret – matrikkelen

Kjøpar kan sende melding til kommunen om at denne kontrakten er inngått, slik at kontrakten blir registrert i matrikkelen (jf. § 48 i forskrift til matrikkelloven). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

Kjøpar kan også søke om løyve etter plbl. § 20-1 bokst. m til å frådele det areal som er erverva iht denne avtale og rekvirere oppmåling etter § 35 i matrikkelloven over det areal som er erverva og krevje oppmålingsforretning innført i matrikkelsen.

Tinglysning

- a) Denne avtalen kan av Meland kommune straks tinglysast på gnr 30 bnr 2 og 4 i Meland kommune .

Denne avtalen er utferda i to eksemplarar, eit til kvar av partane.

Meland_____2019

Meland_____2019

Jørgen Olsvoll - seljar

Meland kommune

personnummer: